

På tur blant kulturminner frå 2.verdskrig

Turen opp på Hesthovda (Storevarden) tek om lag ein time frå Sirestølen. Start med å gå langs hyttevegen frå Sirestøltjerna, og hald fram etter tydleg og god stig. Det stig jamt, men etter som ein kjem over bjørkeskogen vert ein lønna med vidt utsyn. Frå toppen ser ein ned på Vatsfjorden og delar av Vats. Nedatt same vegen.

Namnet Hesthovda kjem av at hestane på utmarksbeite søkte opp på toppane når det var varmt i veret. Der var dei

mindre plaga av fluger. Dermed måtte bøndene på fjelltur for å finne att hestane sine når desse trongst i arbeid.


I området ved Hesthovda vart det utført fleire flyslepp i 1944-45. På slutten av krigen fekk telegrafist Gunnar Sætersdal i oppgåve å finne ein peilestasjon (Eureka) nær slepplassane. Han valde Hesthovda. Der sat han om nettene i reinsskinns-pose og peila etter signal frå sleppflya.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000. Sjå og Bergsjoområdet sin sommarbrosjyre.




Foto: Torleiv Torgersen


 Køyr Fv 244 til Vatsfjorden. Køyr opp fjellvegen frå Langegard og ta til venstre ved Hausestølen, mot Sirestølen.

 På parkeringsplass ved Sirestøltjerna.

 5 km t/r Tid: 1,5 time t/r.
1020 – 1163 moh.

 - Minneplate over flyslepp under 2. verdskrig. Denne er sett opp på ein stein ved vegen nokre hundre meter før parkeringa ved Sirestøltjerna.

- Minneplate over peilestasjonen (Eureka) ved Storevarden på toppen av Hesthovda. Denne vart nytta til å motta signal frå sleppfly. Dei kunne også svare med morse frå denne stasjonen.

 Godt merka stig i høgfellsterreng.

